



Pensjonistforbundet Hordaland  
v/Inger Johanne Knudsen  
Teatergt. 34  
5010 BERGEN

Dato: 18.07.2014  
Vår ref.: 2014/557-45  
Saksbehandlar: ingtakl  
Dykkar ref.:

## Svar til Pensjonistforbundet Hordaland frå fylkeseldrerådet

Vi viser til dykkar brev dagsett 29.05. 2014 vedrørande "Fylkeseldrerådets engasjement". Fylkeseldrerådet har i møte 18.06. 2014 drøfta innhaldet i brevet der styret i Pensjonistforbundet Hordaland i utgangspunktet set fokus på dei kommunale eldreråda sine utfordringar og einskilde problemstillingar i kommunen i samband med råda sitt ansvar/arbeidsfelt.

Pensjonistforbundet sitt styre presiserer sitt syn i høve til fylkeseldrerådet sin rolle til dei kommunale eldreråda: «*Fylkeseldrerådet burde engasjere seg langt sterkare som pådrivar, rådgjevar og støttespiller for de kommunale eldrerådene*».

Fylkeseldrerådet vil minne om det mandat som "Lov om fylkeseldreråd" har gitt rådet og som ligg til grunn for rådet sitt arbeid, likeeins som dei kommunale råda har sitt mandat å arbeide etter.

Råda har ulike rollar i høve til fylkeskommunen og kommunane. Det er ein vesentleg skilnad mellom fylkeskommunale saker/oppgåver som vert førelagt fylkeseldrerådet og det kommunale saksfelt, sjølv om det i mange tilfelle er ein samanheng. Alle råda har som utgangspunkt å arbeide med saker som i fyrste rekkje gjeld dei eldre sine levekår.

Fylkeseldrerådet har eit godt samarbeid med dei tilsette ved ulike etatar i fylkeskommunen. Rådet får informasjon, drøftar og gir råd i saker som gjeld dei eldre før sakene vert handsama i Fylkestinget. Høyringsuttale vert utarbeida der dette er turvande.

Dei kommunale eldreråda har ei viktig rolle i lokalsamfunnet. I saker der eldreråda ynskjer støtte/uttale frå fylkeseldrerådet kan dei sjølv sagt vende seg til rådet. Her kan nemnast t.d. tannhelseteneste og billettsal til dei eldre på hurtigbåtane i Sunnhordland.

Den årlege eldrerådskonferansen er ein viktig møtestad for eldreråda i kommunane. Her kan eldreråda få nyttig og turvande informasjon innan ulike felt som vedkjem dei eldre.

Fylkeseldrerådet kan nemna at i det mandatet som no er til handsaming i fylkesadministrasjonen, og som skal vedtakast av Fylkestinget, har Fylkeseldrerådet m.a. gjort framlegg om at «*Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd*».

Fylkeseldrerådet er særskilt skuffa over styret i Pensjonistforbundet Hordaland si negative framstilling av fylkeseldrerådet. Den negative holdning til rådet gjev ikkje særleg godt grunnlag for positivt samarbeidsklima.

Fylkeseldrerådet tek til etterretning styret i Pensjonistforbundet Hordaland sine synspunkt når det gjeld fylkeseldrerådet sitt engasjement særskilt i høve til dei kommunale eldreråda. Pensjonistforbundet Hordaland har i så måte ein annan rolle enn fylkeseldrerådet.



Margot Bertheussen  
Leiar

Kåre Ystanes  
Nestleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*